



Kirkerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Dato: 10.09.2021

Vår ref: 21/02622-3

Dykkar ref:

## Svar på høyring til Kyrkjerådet om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Me takkar for tilsendt høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett, datert 21.06.2021. Stavanger bispedømeråd behandla saka på sitt møte 24.08.2021 og gjorde følgande vedtak:

Stavanger bispedømeråd sender svar på høyringa om val for prest og lek kyrkjeleg tilsett i tråd med saksframlegget, med dei endringane som kom fram i møtet.

Høyringssvara er følgjande:

### Høyringsspørsmål 1: Støttar høyringsinstansen forslaget om å skilje ut reglane om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett frå kyrkevalreglane?

**Høyringssvar:** Stavanger bispedømeråd støttar forslaget om å skilja ut reglane for dei forskjellige vala. Det gjer det mellom anna lettare for dei som organiserer valet at dei ikkje treng setta seg inn i alle reglar for alle vala.

### Høyringsspørsmål 2: Støttar høyringsinstansen forslaget om at val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømeråd og Kyrkjemøtet blir gjennomført som heildigitalt val?

**Høyringssvar:** Stavanger bispedømeråd støttar forslaget om heildigitalt val av prest og kyrkjeleg tilsett til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Papirval har medført mykje administrasjon med moglegheit for feil. I nokre tilfelle har tilsette ikkje PC heime, men det vil vera tilgang på et kyrkjekontor. Digitalt val bør også vera mogeleg å gjennomføra på mobiltelefon.

### Høyringsspørsmål 3: Har høyringsinstansen merknader til forslaga om beredkapsprosedyre og reglar for omval ved ekstraordinære hendingar?

**Høyringssvar:** Stavanger bispedømeråd meiner det bør vera reglar for beredkapsprosedyrar dersom det digitale valet må avlysast. Rådet støttar føreslått reglar for beredskap.

#### **Høyrings spørsmål 4: Har høyringsinstansen merknader til regelforslaga for preferanseval eller fleirtalsval?**

**Høyrings svar:** Stavanger bispedømeråd har ingen merknadar til regelforslaga for preferanseval eller fleirtalsval.

#### **Høyrings spørsmål 5: Har høyringsinstansen merknader til forslaga om nye fristar?**

**Høyrings svar:** Nye fristar for valet verkar fornuftig og fører til ein betre prosess. Det styrkar administrasjonen av valet dersom det blir samsvar mellom fristane for dei ulike vala. Det styrker også valet om ein brukar dei same fristane som det offentlege valet.

#### **Høyrings spørsmål 6: Har høyringsinstansen merknader til forslaget om skjæringsdato ?**

**Høyrings svar:** Stavanger bispedømeråd støttar forslag om ny skjæringsdato 1.juni. Det vil gje moglegheit til å ha manntalet ferdig før ferien og i god tid før valet startar 10. august.

#### **Høyrings spørsmål 7: Har høyringsinstansen andre merknader til forslaget til reglar?**

##### **Bruk av «lek kyrkjeleg tilsett»**

Det er vanleg i kyrkja å bruka stillingstittel «lek kyrkjeleg tilsett». Det vil i fleire høve ikkje passa, då det er fleire stillingar som er vigsla. Dette gjeld diakonar, kateketar, kantorar og prestar som arbeider i administrative stillingar. Dei er då ikkje reint «leke tilsette», men «vigsla tilsette».

Reglane tar ikkje høgde for dette og derfor er omgrepet «lek tilsette» ikkje dekkande. Dagens omgrep er dels misvisande og kan tolkast som ei rangering av ulike tilsette. Stavanger bispedømeråd foreslår at ein nå nyttar høvet til å ta «lek» ut av forskrifta og brukar omgrepet «kyrkelege tilsett» i staden. Dette blir avgrensa frå prestane gjennom at dei har eit eige val.

##### **Endra frå «tilsett i 15 timer» til «40 prosent stilling»**

I §§ 2-1 og 2-2 punkt C foreslår bispedømmerådet at teksten blir endra frå «15 timer i veka» til «40 prosent stilling». Bakgrunnen er at folk som jobbar i kyrka og har helgearbeid kan ha fast arbeidsveke på 35,5 timer i heil stilling. Med dagens reglar vil dei ikkje ha stemmerett i ei 40 prosent stilling. Arbeidsveka utgjer då 14,2 timer. Kyrkjeleg tilsette med 37,5 timars arbeidsveke i heil stilling, vil ha ei arbeidsveke på 15 timar i ein 40 prosents-stilling. Dermed vil sistnemnde gruppe ha stemmerett. Denne forskjellen er uheldig og kan unngåast ved å endre reglane slik at alle tilsette med minst 40 prosents stilling får stemmerett.

Gunnar Rønnestad  
assisterande stiftsdirektør

Margreta Vik Stokke  
rådgiver personal og forvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Mottakaras:  
Kirkerådet

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO